Til fylkespolitikaren i Vestland Fylkeskommune

Flytting av eksamen VG3 og russefeiring.

Regjeringa har uttrykt eit ønske om ein tidlegare eksamensperiode, med mål om å flytte skriftleg sentralt gitt eksamen på Vg3 til før 17. mai.

Vi i Utdanningsforbundet er uroa for at eit meir komprimert skuleår for avgangselevane vil få fleire svært negative konsekvensar. Frå fleire fylke vert det meldt at forslaget skaper uro og møter motstand i både elevgruppa og hjå lærarane.

Hovudmåla bak forslaget om å flytte eksamen til eit tidlegare tidspunkt verker å handle om at russetida ikkje skal forstyrre eksamensavviklinga og å gjere russetida meir inkluderande.

Vi stiller eit klart spørsmål ved om flyttegrepet er eigna til å løyse utfordringane knytt til russefeiringa, og vil i tillegg påpeike ei rekke uheldige konsekvensar ved å framskunda eksamenstidspunktet:

- Det vil være vanskelegare å gi elevane timane sine i faga før eksamen, og det er allereie i dag krevjande å få til. For å gi opplæring etter læreplanen må truleg skuledagen forlengast eller skuleåret utvidast, då opplæringsforskrifta slår fast at eksamen skal vise kompetansen til eleven ved slutten av opplæringa.

- Arbeidspresset vil auka som følge av tidlegare eksamen. Dette vil kunne føre til auka skulestress og skulepress for elevane, og det vil også få negativ innverknad for lærarane sine moglegheiter til å følge elevane godt nok opp. Vi er redde for at summen av dette vil bety auka fråfall – med mogleg auka utanforskap på sikt.

- Ei anna fare er lærarflukt og dårlegare rekruttering på grunnlag av endå tøffare arbeidsår med auka oppleving av å ikkje ha nokon reell moglegheit til å strekke til. Vi får tydelege meldingar frå våre medlemmer om dette.

Vi veit at mange elevar opplever eksamen som ein viktig motivasjonsfaktor for læring. Derfor er vårt forslag å flytte skriftleg eksamen til slutten av mai og at eksamensperioden kortast ned. Viss formålet er å ivareta at russetida ikkje skal kollidere med skriftleg eksamen, er det også ivaretatt med dette forslaget. Nå som førebuingsdagane til eksamen er fjerna, er det mogleg å kutte ned på eksamensperioden.

Ei flytting av eksamen til seinare i skuleåret - ikkje tidlegare– vil bidra til meir læring, mindre skulestress og betre gjennomføring for elevane våre. Det vil også betre lærarane sin moglegheit til å følge opp elevane i innspurten av den vidaregåande utdanninga.

Med vennleg helsing Linda Solhaug, Ane Kristine Aadland, Sabine Exner
(Utdanningsforbundet Vestland)